



# Øystre Slidre kommune

## Formannskapet

### Protokoll

Møtedato: 23.04.2026  
Møtestad: Tingvang

Møtetid: Kl. 10:00 - 15:00

#### Medlemmer

Bjarne Budal  
Mette Christiansen  
Bente Oxhovd  
Odd Erik Holden  
One Granli Enerud

#### Parti

AP  
AP  
H - inhabil i sak 21/26  
SP - deltok frå kl.11.00  
SV - deltok til kl.12.00

Gunnar Thue

deltok i sak 21/26

#### Andre som møtte:

Jostein Aanestad

**Sakliste**

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                          |
|----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------|
| 20/26          | Referat- og orienteringssaker                                                              |
| 21/26          | Detaljregulering for Liahaugstølen - planid 202007 -<br>Slutthandsaming                    |
| 22/26          | 9002/5/12 Dispensasjon for endring av T2, P3 - Beitostølen<br>Sentrum                      |
| 23/26          | Høyringsuttale til regjeringa sitt høyringsnotat 23. januar<br>2026 om konsesjonskraftpris |
| 24/26          | Klage på tildeing av barnehageplass (2)                                                    |
| 25/26          | Klage på tildeing av barnehageplass (3)                                                    |
| 26/26          | Klage på tildeling av barnehageplass                                                       |
| 27/26          | Vertskommuneavtale for FACT Valdres                                                        |

## 20/26 Referat- og orienteringssaker

### Tilråding

Sakene vert teke til vitande.

..... gir fullmakt til .... å godkjenne og signere protokollen.

## 23.04.2026 Formannskapet

### Behandling

Formannskapet gir fullmakt til One Enerud og Bjarne Budal til å godkjenne og signere protokollen.

Samrøystes vedteke.

### FS - 20/26 Vedtak:

Sakene vert teke til vitande.

Formannskapet gir fullmakt til One Enerud og Bjarne Budal til å godkjenne og signere protokollen.

## 21/26 Detaljregulering for Liahaugstølen - planid 202007 - Slutthandsaming

### Tilråding

Kommunestyret vedtek detaljregulering for Liahaugstølen slik det går fram av vedlagte føresegner dagset 10.04.2026, plankart, og planskildding dagsett 23.01.2026. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

## 23.04.2026 Formannskapet

### Behandling

Bente Oxhøvd opplyste at ho har vore inhabil i saka før, og bad om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann Bente Oxhøvd inhabil i saka. Gunnar Thue møtte som vararepresentant.

Kommunedirektøren la fram følgjande justert ordlyd i føresegnene punkt 0.1.1:

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader innanfor **FBK 1-3** skal **tilkomstvegane fKV2 fram til fKV3, fKV3, fKV5 og fKV6** utbetrast med ei køyrebreidde på 4 meter og tilhøyrande grøfteareal, i samsvar med handbok N1.

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader innanfor **FBK 1-3**, skal .....

Formannskapet slutta seg til denne presiseringa av føresegnene.

Det vart røyste over tilrådinga. Tilrådinga fekk 3 røyster (Ap, H).

### FS - 21/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljregulering for Liahaugstølen slik det går fram av vedlagte føresegner dagset 10.04.2026, plankart, og planskildring dagsett 23.01.2026. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

## **22/26 9002/5/12 Dispensasjon for endring av T2, P3 - Beitostølen Sentrum**

### **Tilråding**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev formannskapet dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for del av Beitostølen Sentrum for ny utforming av parkering (P3) og torg (T2), og ny utkøyringsløysing til Fylkesveg 51.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at føremålet med planen ikkje vert vesentleg tilsidesett, og fordelane er større enn ulempene, jf. vurderinga i saksframlegget.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyve etter veglova for ny avkøyring må vere gitt før tiltak kan gjennomførast.
- Det skal vere sikra universelt utforma tilkomst direkte frå HC-parkeringa til torg/forretningsføremålet
- Alle parkeringsplassar skal vere merka opp
- HC-plassane skal ha HC-skilt på kvar einskild parkering.
- Det skal vere sett opp fysisk hindring slik at det ikkje er mogleg å parkere langs Spar-bygget. Hindringa skal ikkje vere til hinder for universell tilgjengelegheit.
- P3 B og innkøyring skal vere avskilt med kantstein
- Det skal vere skilta for område avsett for varelevering på torget, med forbod for andre køyretøy.
- Parkeringsplassen skal verte skilt frå torget med kantsteinar, utanom i det området der varetransporten skjer.
- Frisiktsoner må verte vareteke mot Fv. 51.

## **23.04.2026 Formannskapet**

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

### **FS - 22/26 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev formannskapet dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for del av Beitostølen Sentrum for ny utforming av parkering (P3) og torg (T2), og ny utkøyringsløysing til Fylkesveg 51.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at føremålet med planen ikkje vert vesentleg tilsidesett, og fordelane er større enn ulempene, jf. vurderinga i saksframlegget.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyve etter veglova for ny avkøyring må vere gitt før tiltak kan gjennomførast.
- Det skal vere sikra universelt utforma tilkomst direkte frå HC-parkeringa til torg/forretningsføremålet
- Alle parkeringsplassar skal vere merka opp
- HC-plassane skal ha HC-skilt på kvar einskild parkering.

- Det skal vere sett opp fysisk hindring slik at det ikkje er mogleg å parkere langs Spar-bygget. Hindringa skal ikkje vere til hinder for universell tilgjengelegheit.
- P3 B og innkøyring skal vere avskilt med kantstein
- Det skal vere skilta for område avsett for varelevering på torget, med forbod for andre køyretøy.
- Parkeringsplassen skal verte skilt frå torget med kantsteinar, utanom i det området der varetransporten skjer.
- Frisiktsoner må verte vareteke mot Fv. 51.

## **23/26 Høyringsuttale til regjeringa sitt høyringsnotat 23. januar 2026 om konsesjonskraftpris**

### **Tilråding**

Kommunedirektøren tilrår at

1. Øystre Slidre formannskap vedtek høyringsuttale datert april 2026 til Energidepartementet sitt høyringsnotat av 23. januar 2026 om endringar i prisregimet for konsesjonskraft.
2. Formannskapet støttar forslaget om å slå saman prisregima for konsesjonskraft før og etter 10. april 1959 til éi felles prisføresegn.
3. Formannskapet kan ikkje støtte forslag som inneber endring av berekningsgrunnlaget for konsesjonskraftprisen frå eit representativt utval kraftverk til alle vasskraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft, då dette kan føre til vesentleg auke i konsesjonskraftprisen utan tilsvarende auke i konsesjonskraftvolum til kommunen.
4. Kommunedirektøren blir bede om å sende vedteken høyringsuttale til Energidepartementet innan fristen.

## **23.04.2026 Formannskapet**

### **Behandling**

Kommunedirektøren la fram følgjande tillegg til tilrådinga, punkt 3:

Kommunen har konsesjonskraft på ca. 6 GWh, men der det vart inngått avtaler om individuell sjølvkostpris. Vi meiner at også denne type konsesjonskraft, der det er eldre avtaler om anna pris enn ED-pris, bør bli omfatta av samordninga med etablering av ein felles gjennomsnittleg pris.

Formannskapet slutta seg til dette.

Samrøystes vedteke.

### **FS - 23/26 Vedtak:**

1. Øystre Slidre formannskap vedtek høyringsuttale datert april 2026 til Energidepartementet sitt høyringsnotat av 23. januar 2026 om endringar i prisregimet for konsesjonskraft.
2. Formannskapet støttar forslaget om å slå saman prisregima for konsesjonskraft før og etter 10. april 1959 til éi felles prisføresegn. Kommunen har konsesjonskraft på ca. 6 GWh, men der det vart inngått avtaler om individuell sjølvkostpris. Vi meiner at også denne type konsesjonskraft, der det er eldre avtaler om anna pris enn ED-pris, bør bli omfatta av samordninga med etablering av ein felles gjennomsnittleg pris.
3. Formannskapet kan ikkje støtte forslag som inneber endring av berekningsgrunnlaget for konsesjonskraftprisen frå eit representativt utval kraftverk til alle vasskraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft, då dette kan føre til vesentleg auke i konsesjonskraftprisen utan tilsvarende auke i konsesjonskraftvolum til kommunen.
4. Kommunedirektøren blir bede om å sende vedteken høyringsuttale til Energidepartementet innan fristen.

## **24/26 Klage på tildeing av barnehageplass (2)**

### **Tilråding**

Formannskapet viser til at søkjar har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen, som søkjar har takka ja til. Kommunen har ikkje ledig plass å tilby i barnehage som søkjar har prioritert og klagen vert difor ikkje teken til følge.

## **23.04.2026 Formannskapet**

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

### **FS - 24/26 Vedtak:**

Formannskapet viser til at søkjar har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen, som søkjar har takka ja til. Kommunen har ikkje ledig plass å tilby i barnehage som søkjar har prioritert og klagen vert difor ikkje teken til følge.

## **25/26 Klage på tildeing av barnehageplass (3)**

### **Tilråding**

Formannskapet viser til at søkjar har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen, som søkjar har takka nei til. Kommunen har ikkje ledig plass å tilby i barnehage som søkjar har prioritert og klagen vert difor ikkje teken til følge.

## **23.04.2026 Formannskapet**

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

### **FS - 25/26 Vedtak:**

Formannskapet viser til at søkjar har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen, som søkjar har takka nei til. Kommunen har ikkje ledig plass å tilby i barnehage som søkjar har prioritert og klagen vert difor ikkje teken til følge.

## **26/26 Klage på tildeling av barnehageplass**

### **Tilråding**

Formannskapet viser til at søkjar har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen, som søkjar har takka nei til. Kommunen har ikkje ledig plass å tilby i barnehage som søkjar har prioritert og klagen vert difor ikkje teken til følge.

## **23.04.2026 Formannskapet**

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

#### **FS - 26/26 Vedtak:**

Formannskapet viser til at søkjar har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen, som søkjar har takka nei til. Kommunen har ikkje ledig plass å tilby i barnehage som søkjar har prioritert og klagen vert difor ikkje teken til følge.

## **27/26 Vertskommuneavtale for FACT Valdres**

### **Tilråding**

Kommunestyret godkjenner vertskommuneavtale for FACT Valdres som vedlagt. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen på vegne av vertskommunen

## **23.04.2026 Formannskapet**

### **Behandling**

Samrøystes tilrådd.

#### **FS - 27/26 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vertskommuneavtale for FACT Valdres som vedlagt. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen på vegne av vertskommunen